# Soga um Olav Graathun og Fylgjesveinane Hans

Samla og skipa, bøtt og brigda ved

Kjetill Østgaard

2013

Eige forlag

**ISBN 978-82-303-2447-9**

**Trondheim 2013**

# Inngreiing:

**Fyri-fyritale til Seinste og Kanoniske Ensemblet:**

*Vyrde R&B-ar,*

*sidan gjekk åri svært fort! Og det vart 40 av deim og tidekverv for Gamlekaras G-dag. Om Olav og hans gjetord enn leve evig, må soga hans samlast og skipast og beinkast og brigdast og bøtast og vølast før heretiske generasjonar tek over Verdi. Som sagt, så gjort:*

*Som lova vart i -99 måtte det difor og dermed haldast eit Storkonsil for å luke ut apokryfe deilder og innsmett før den endelege kanoniseringa kunne kanonerast. Kalla då Kjetill i duld og løynd inn til dette, med det at det var nok demokratur no, når strek skulle setjast.*

*Det fyrste konsilet vart skipa  i Nikea i 325. Men det finnest då mange slike kea? I-kea er slik-ein gild stad for godtfolk med unbrakolyklar i lomma og eldgir i augo. Og Mauna Kea til dømes er då også bra? Det er ein ovgild stad der fysikarar frå heile Verdi kan njosna og spæja og lyda og tala med Universet og dalstroka der omkring med submillimeter og infrafaud astronomi. Drog då Kjetill dit og sette dags orden og møte 23/1 2013. Ingen fleire kom? Men dei hadde vel anna å gjera. Soleis og sidan gjekk det radig:*

*Konsilet i Ni-kea fyrte som kjent fyrste disiplinære kanon av som eit forbod mot sjølvkast-rering. På Mauna Kea var vi meir smålåtne i så måte, og gjekk meir rett på sak, men det vart eit heller kvasst ordskifte. Kjetill hadde trasla til det for seg ved raust bede inn meir tilburd i -99, med total fridom i innhald mot total kontroll i form. Ingen brydde seg om dette, soleis, då dei som iddest vera med leika seg tvert om i alle slags sjølvnormert rett- og vrangskrivings skriftmål. Som kan vera ei ovgild gjerdsle også for næmingar. Men kunne dette standardiserast? Åndsverklovi gjeld vel alle kvalitetar?*

*Gjekk då dei konservative hardt ut og meinte Olavs soge var meir enn lang nok og inkje meir sætande var til komi sidan tusenåret skifte. Og vann og vedtok ein- og samrøystes at ingen nye vers skulle sleppast til. Slo då dei liberale tilbake og trumfa gjennom og knesette sin eigen bolk, Apokryf Avdeling kalla, der alt som rauk ut, der skulle inn. Også dette vart både sam- og einrøystes; slik er det å vere bipolar, må vita.*

*Om ingen nye vers fekk inn, skulle kanskje heller fleire ut? Rauk då gamle vers 1 og 2 or soga, avdi Erik Bause Boye alt 24/8 -99 tyktest det vart for sagasusisk, dette: «Dette blir for relliøst for meg», kvad han. Og dermed vart dei no kasta ut og over til dei apokryfe.*

*Att sto til slutt unnatakskvedet hans Peter Uljod Skaldebass av 15/9 -00, som var det einaste som var slik det var ynskt i form og innhald. Og sidan det alt hadde seg eit versenummer, 68 «Olav fær sin eigen Skaldebass», laut han soleis få den største æra det er å koma i* både *den kanoniske* og *den apokryfe bolken.*

*Så og sidan var alle nøgde og for heim til seg.*

*Mauna Kea, Visitor's Centre 23/1 -13, strek sett 14:03 lokal tid, 11 timar etter trøndsk normal.*

*Kjetill*

# Olavs Sogur

**Fyritale til Fyrste Reviderte Utkastet:**

*Kjære R&B-er,*

*Som påpekt allerede i 0.-utkastet, trenger Olavs side* http://eline.uib.no/graathun/ *også at Olavs Saga fortelles. Og skrives ned! Men det er ikke lett, av 2 grunner;*
1. *Ingen har hatt kontroll eller oversikt over Olav.*
2. *Alle har derimot nå et snev av Alzheimer light.*

*Og vi møter spesielt 2 problemer:*
1. *Mytene vokser seg større enn Mannen og realismens rammer sprenges.*
2. *Som i all sann Folkedikting oppstår mange varianter av samme sagn.*

*Dessuten, hva hører egentlig med eller ikke?*
1. *Enhver situasjon der OLAVS NAVN er brukt, påkalt eller nevnt, er selvsagt opplagt.*
2. *Enhver gjerning i OLAVS ÅND utført av genuine R&Bere er alltid aktuell! Men ingen eier Olav, så enhver oppriktig Olavsmann kan gjøre krav her. Ved uenighet bør oppriktigheten primært verifiseres ved jernbyrd, subsidiært kan saken avgjøres ved simpel avstemning, se nedenfor. Men selv nedstemte apokryfe anekdoter vil ha krav på hjemmesideplass.*

*Jeg foreslår derfor følgende framgangsmåte:*
1. *Total hemningsløshet når det gjelder innsamling av innhold!*
2. *Total kontroll når det gjelder form! Der foreslår jeg Snorre umsætt ved S. Schjött Nationalutgaave 1900 som norm og ideal; i det rettskrivingsnormalen av 1907 ødela mye av susen. Dessuten faller den rimelig for de fleste; "Kirkedepartemente hev sett prisen paa desse utgaavune soleis: Hefte kr. 1.90. Skulebind kr. 2.50. Originalbind kr. 3.00."*

*Næmingar med lite tame og hagleik i Hovudmålet bør sende utkast til undertegnede for språkrøkt. Mer konkret: Mail ALLE spontane kommentarer og opplysninger, helst og gjerne på streit Daglignorsk, til meg og Erik Editor!*

*Merk spesielt at alt som angår R&B går også direkte til "R&Bs an(n)aler" uten sagasusisk språkdrakt.*

*Og vi vil få grunnlaget for et Andreutkast! Som vil legges ut på heimesida for videre utvikling.*

*Så får vi senere holde et Kirkemøte og luke ut mer apokryfe deler. Ok?*

*Nord i Trondheimen 13/9 '99, ved deadline, satt 14:59,*

*Kjetill*

# Innhald:


## Inngreiing

## Olavi T. Graathuna Saga 1

Vers 1 – 69 3

Biletkjelder 85

## Apokryf Avdeling 1

1.
2
3
4
5
6
7

## Railway & Bicycle Tidende og Omegns Blad x

1. årgang 1978
2. årgang 1980
3. årgang 1993
4. årgang 1996
5. årgang 2013